



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 14.05.2020 kl. 15:15-16:45

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Lillian Oddekalv Gjervik	Medlem
Karen Anny Espedal	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Arnt Johny Langeland	Medlem
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
Eva Iren Landøy	Varamedlem

Forfall:

Terje Mork	Medlem
------------	--------

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2020/17		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2020/18		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 30.04.2020	RUNE ZIENER
SR 2020/19		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2020/20		Lokal smittevernplan, Askvoll sokn	RUNE ZIENER
SR 2020/21		Justering av gudstenesteplan	RUNE ZIENER
SR 2020/22		Uttale i samband med tilsetjing av prost	RUNE ZIENER
FR 2020/23		Tilbygg og brannsikring, Vilnes kyrkje	RUNE ZIENER

Askvoll, 14.05.2020

Rune Ziener
referent

SR 2020/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

SR 2020/18 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 30.04.2020

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 30.04.2020.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 30.04.2020.

SR 2020/19 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 2020/13 Vestland Revisjon: *Revisjonsmelding frå uavhengig revisor - Uttale om revisjonen av årsrekneskapen for Askvoll sokn (06.05.2020)*

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SR 2020/20 Lokal smittevernplan, Askvoll sokn

UTGREIING

I samband med ei gradvis gjenopptaking av ordinære gudstenester, etter at alle ordinære gudstenester vart avlyst etter 12. mars og inntil vidare p.g.a. Covid 19-viruset, er det laga ein nasjonal smittevernrettleiar (bransjestandard for Den norske kyrkja), som er vurdert av Barne- og familiedepartementet 02.05.2020 og er i samsvar med Folkehelseinstituttets smittevernrettleiing. Kyrkjerådet sitt arbeidsutval har godkjent rettleiaren til bruk i Den norske kyrkja 04.05.2020.

Nasjonal rettleiar vil oppdaterast etter kvart ved behov.

Smittevernet ved gudstjenester og kirkelige handlinger byggjer på fire hovudprinsipp:

- Sjuke personer skal ikkje delta eller vere til stades.
- Gode rutinar for handhygiene og reinhald.
- God avstand og minst mogleg kontakt mellom personar.
- Minst mogleg felles bruk- og berøring av inventar og utstyr.

Det er fellesrådet som er ansvarleg for å sikre at driften av kyrkjebygget er i samsvar med den nasjonale rettleiaren. Fellesrådet er ansvarleg for å etablere internkontrollrutinar som sikrar at innemiljøet i kyrkja fremmjer helse, miljø og tryggleik og førebyggjar sjukdom. Fellesrådet har difor ansvar for å sikre forsvarleg reinhald ut frå den nasjonale rettleiaren.

Både fellesråd og prost har kvar for seg og samla ansvar for at arbeidsmiljøet for kyrkjeleg tilsette er fullt ut forsvarleg. Som hovudverksemd er fellesrådet ansvarleg for at begge arbeidsgivarar sitt ansvar vert samordna. Alle arbeidstakarar i begge arbeidsgiverlinjer har plikt til medverking og skal bidra både til å gjennomføre og følgje opp verksemda sitt HMT-arbeid.

Den enkelte kyrkjelyd er forventa å lage ein plan for korleis konkrete utfordringar p.g.a. smitterisiko skal handterast. Målet er å minske risiko for smittespreiing. Planen bør gjerast tilgjengeleg på nettsider og ved oppslag i kyrkjene.

Etter handsaming og justering av planen i AU-møte 12.05.2020, vert den lokale smittevernplanen lagt fram til handsaming i Askvoll sokneråd.

Sjå vedlegg.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek forslaget til lokal smittevernplan.
2. AU har fullmakt til å gjere nødvendige justeringar i planen, når det er behov for det.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek forslaget til lokal smittevernplan.
2. AU har fullmakt til å gjere nødvendige justeringar i planen, når det er behov for det.

SR 2020/21 Justering av gudstenesteplan

UTGREIING

Utgangspunktet for ei gradvis og planmessig gjenopptaking av det ordinære gudstenestelivet, vil være den tidlegere fastsette gudstjenesteforordning i det enkelte sokn/kyrkje. Ansvarleg arrangør for gudstjenester og kirkelige handlinger vil være Den norske kyrkja, slik Kyrkemøtet har delegert ansvar for ulike oppgåver til ulike organ med heimel i kirkeloven §24, jf §25 tredje ledd.

For å sikre ei forsvarleg og gradvis gjennomføring av dette i det enkelte sokn, krevst det god samordning mellom sokneråd, kyrkjeleg fellesråd/kyrkjeverje og sokneprest/prost.

Gudstjenesteforordninga og den lokale gudstjenesteplanen gjeld. Det vil sannsynligvis være behov for å justere den lokale gudstjenesteplanen gitt de spesielle vilkåra som vil gjelde for gudstjenestelivet i denne perioden.

Soknerådet kan vedta justeringar i gudstjenesteplanen. Dette må avklarast med kyrkjeverja ut frå ressurs situasjonen og koordinerast med prosten si godkjenning av prestene sine arbeidsplanar. Prosten orienterer biskopen om justeringane.

Sokneprest og kyrkjeverje har gått gjennom gjeldande gudstjenesteplan, og lagt fram eit forslag til justert plan. Denne er gjennomgått i AU 12.05.2020.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek justert planforslag for gudstjenester, slik det er lagt fram.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek justert planforslag for gudstjenester, slik det er lagt fram.

SR 2020/22 Uttale i samband med tilsetting av prost

UTGREIING

I samband med tilsetting av prost, skal sokneråda i prosten sitt tenestedistrikt, etter Dnk sitt personalreglement for prester § 8, ha høve til å uttale seg om søkjarane. Dette gjerast ved at ein gir uttale om kven (av inntil tre søkjarar) ein ønskjer tilsett.

Sokneråda har frist 15. mai til å gje uttale i saka.

Til stillinga som prost i Sunnfjord prosti, var det éin søkjar: *Knut Magne Nesse, sokneprest i Sunnfjord. prosti.*

Jostein Gryte vil gje nærare orientering munnleg i møtet.

INNSTILLING

Ingen

MØTEHANDSAMING

Forslag til uttale vart sett fram frå Jostein Gryte i møtet etter orienteringar og drøftingar:

1. Askvoll sokneråd er positive til at Knut Magne Nesse vert tilsett som prost i Sunnfjord prosti.

SAMRØYSTES VEDTAK

Uttale frå Askvoll sokneråd:

1. Askvoll sokneråd er positive til at Knut Magne Nesse vert tilsett som prost i Sunnfjord prosti.

FR 2020/23 Tilbygg og brannsikring, Vilnes kyrkje

UTGREIING

Det vert vist til sak FR 2020/16, vedtakspunkt 1:

Askvoll sokn søker Askvoll kommune om auka investeringstilskot med kr 1.150.000,- til prosjekt tilbygg og brannsikring Vilnes kyrkje.

Askvoll kommune v/rådmann og ordførar ba om å møte kyrkjeverje og soknerådsleiar for å få nærare orientering om saka. Slikt møte fann stad 12.05.2020.

Kommunen viste forståing for behovet for tilleggsøyving, for at prosjektet kunne fullførast inneverande år.

Kyrkjeverje og soknerådsleiar vart spurt om det var mogleg å finne alternativ til tilleggsøyving no, innan vedteke investeringsbudsjett, altså å utsetje andre investeringsprosjekt.

Ny driftsbygning på Askvoll kyrkjegard vart trukke fram som mogleg å utsetje.

Her er vedteke kommunalt investeringstilskot på kr 1.080.000,- som ein eventuelt kan flytte på.

For å komme opp i 1,15 millionar som er forventa behov for å fullføre tilbygg og brannsikring på Vilnes, kan ein førebels bruke delar av ubunde investeringsfond (inngåande balanse 2020: kr 288.694,-), der kr 260.000,- av desse er budsjettert til parkeringsplass på Vilnes. Når ein framleis ikkje har konkret løysing for parkeringsplassen, kan dette prosjektet budsjetterast ned med kr 70.000,-.

Askvoll formannskap kan vedta omposteringar i investeringstilskota til soknet, men tilleggsøyvingar krev handsaming i kommunestyret. Neste kommunestyre er 29. juni, altså etter vedståingsfristen til tilbydarane i Vilnes-prosjekta er ute.

Ein kan i denne omgang søkje kommunen om ompostering kr 1.080.000,- frå driftsbygning, Askvoll kyrkjegard til brannsikringa, men likevel oppretthalde søknaden om tilleggsøyving kr 1.150.000,-. Om ein ikkje får tilleggsøyvinga inneverande år, legg ein inn prosjektet med ny driftsbygning på Askvoll kyrkjegard neste budsjettår.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd søker Askvoll kommune om å få omdisponere investeringstilskot kr 1.080.000,- frå prosjekt driftsbygning, Askvoll kyrkjegard til prosjekt tilbygg og brannsikring, Vilnes kyrkje.
2. Askvoll sokneråd nedbudsjetterer prosjekt parkering, Vilnes med kr 70.000,-, og nyttar desse midlane til brannsikring på Vilnes.
3. Ein opprettheld søknad om tilleggsøyving, kr 1.150.000,- for å sikre finansieringa av driftsbygning til Askvoll kyrkjegard og restfinansiering for parkeringsplass på Vilnes.
4. Kyrkjeverja gjer nødvendige budsjettjusteringar i investeringsbudsjettet 2020 som følgje av endringane når svar ligg føre frå Askvoll kommune.

MØTEHANDSAMING

Ny informasjon i saka (om sannsynleg meirkostnad for utgraving av massar) låg føre kort tid før møtet, så kyrkjeverja trekte si innstilling i møtet.

Bjørn Arne Mjåseth sette fram følgjande forslag til vedtak:

1. Saka vert utsett i påvente av vurderingar av ulike framdriftsalternativ.
2. Soknerådet vert fortløpande orientert om saka.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Saka vert utsett i påvente av vurderingar av ulike framdriftsalternativ.
2. Soknerådet vert fortløpande orientert om saka.